



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/6755-2

Høyring av forslag til endring i energilovforskrifta om internkontroll for miljøkrav for anlegg med konsesjon etter energilova kapittel 3

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet støttar høyringsframlegget frå NVE om oppretting av ny §3.7 inkl. endring i § 9-7 om overtredelsesgebyr. Endringane vil gjere at det vert stilt krav til konsesjonærane om å ha god og tilgjengeleg oversikt over verknadane dei ulike anlegga har for miljø og landskap og dei vilkår som er stilt i konsesjonen. Endringane vil også gjere det enklare for NVE å føre tilsyn.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Skildring av framlegg til høyring

NVE har lagt på høyring framlegg til endringar i energilovforskrifta. Forslaget inneber at det vert innført eit nytt krav til internkontroll for miljø og landskap etter energilova ved at det vert oppretta ny § 3-7 i energilovforskrifta. Framlegget vil omfatte anlegg for både produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi.

Historikk

Forslaget var på høyring i 2012, og inneheldt då fleire forslag til endringar. Utgangspunktet var då at det skulle oppretta eiga forskrift om internkontroll etter energilova. Med bakgrunn i seinare vedtekne endringar i energilovforskrifta, som fangar opp nokre av dei endringane som var tenkt tatt inn i eiga forskrift, meiner NVE at det ikkje lenger er behov for eiga forskrift om internkontroll. Dei ønskjer heller å ta dette inn som eigen paragraf i energilovforskrifta.

Definisjonar

- Omgrepet vassdragsanlegg gjeld anlegg knytt til sjølve vatnet som reguleringsbasseng, vassforsyningssdammar og trykkrør til kraftverk.
- Omgrepet energianlegg omfattar anlegg for produksjon (sjølve kraftverket), omforming overføring og fordeling av elektrisk energi.

Sentrale problemstillingar

Det er for tida stor aktivitet med utbygging av energianlegg. Dette gjeld både kraftleidningar og vindkraftanlegg. Erfaringar frå tilsyn tilseier behov for å sikre at konsesjonærar har system for internkontroll for å sikre at krav fastsett i eller med heimel i energilova vert følgjt opp. Det er framleis behov for krav til internkontroll på tema miljø og landskap for anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi med konsesjon etter energilova kapittel 3.

Tilhøvet til andre bestemmingar om internkontroll

Internkontroll etter vassdragslovgivinga

Det finst ei eiga forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivinga. NVE legg til grunn at skilnadane i krava som vert stilt i konsesjonane til vassdragsanlegg og til energianlegg er hovudårsaka til at det bør utformast eigne krav til internkontroll for energianlegg og ikkje legge desse inn i bestemmingane om internkontroll etter vassdragslovgivinga

Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollforskrift). Forslaget til internkontroll som no vert fremja gjeld miljøkrav og ikkje sikkerheitskrav til elektriske anlegg. Etter NVE sitt syn gir ikkje internkontrollforskrifta fullgod regulering av intern-kontroll for elektriske anlegg, og NVE held på at det er behov for eigne reglar om internkontroll i energilovgivinga.

Dei eksisterande reglane om internkontroll etter energilova gjeld ulike tilhøve, både etter energilovforskrifta og etter beredskapsforskrifta.

Når det gjeld miljø og landskap er det i dag ei bestemming i energilovforskrifta § 3-5 b) som gir konsesjonæren plikt til å sørge for at ålmenta vert påført minst mogleg miljø og landskapsmessige ulemper i den grad dette kan skje utan urimelege kostnader og ulemper. Men, det er ikkje krav om internkontroll. For å følgje opp desse krava er det naudsynt at det vert utarbeidd internkontrollsysten for det enkelte anlegg. I førre høyringsrunde påpeikte BKK, Tafjord og SFE at eit nytt forslag til internkontrollsysten for miljø og landskap heller bør rette seg mot verksemda som har fått konsesjon og ikkje det enkelte anlegg. Slik det er i dag må NVE føre tilsyn med kvart enkelt anlegg og kan ikkje føre tilsyn på eit overordna nivå hjå konsesjonær.

NVE er altså einig med kraftselskapa om at kravet til internkontroll må gjelde på verksemdsnivå. For å sikre at miljøkrav vert halde ved bygging og drift av det enkelte anlegg, er det likevel naudsynt for NVE å kunne kontrollere tilhøva ved det enkelte anlegg. Dette gjeld særleg for dei miljøkrav som er sett i konsesjonen, vedtak om godkjennning av detaljplan og miljøtransport- og anleggsplan (MTA) for det spesifikke anlegget. Det er den verksemda som er konsesjonær som må dokumentere at krava i konsesjonen er følgt for det enkelte anlegget

Det finst heller ikkje noko eksplisitt krav i andre forskrifter eller vedtak om at konsesjonæren skal ha oversikt over gjeldande konsesjonar og regelverk. Det er ein grunnleggande føresetnad for konsesjonæren si oppfølging av miljøkrav at vedkomande har kjennskap til dei krav som er stilt til anlegget i anleggs- og driftsfasen.

NVE vurderer økonomiske og administrative konsekvensar for verksemndene som moderate til små. For tilsynsverksemda til NVE vil dette lette arbeidet fordi dei no kan vise til ei konkret bestemming i energilovgivinga.

Forslag til forskriftstekst

Ny § 3-7. Internkontroll for krav til miljø og landskap

Konsesjonæren må sørge for at det innføres og praktiseres internkontroll for ivaretakelse av krav til miljø og landskap som er fastsatt i eller i medhold av energiloven kapittel 3. Dersom internkontrollsystemet for et anlegg inngår i et større internkontrollsysten, skal det enkelte anlegget kunne identifiseres.

Konsesjonæren skal tilpasse internkontrollen til virksomhetens art, aktiviteter, risikoforhold og størrelse i det omfang som er nødvendig for å etterleve de krav som er omfattet av første ledd.

Internkontrollsystemet skal minimum inneholde;

- a. oversikt over relevante lover, forskrifter og vedtak for anleggene
- b. kart, tegninger og annen nødvendig dokumentasjon for anlegget
- c. dokumentasjon og konkretisering av at anleggene bygges og drives i samsvar med krav om miljø og landskap fastsatt i eller i medhold av energiloven kapittel 3
- d. kartlegging og vurdering av risikoforhold med utarbeiding av tilhørende planer

- for risikoreduserende tiltak
- e. rutiner for å forebygge, avdekke og rette opp avvik

Konsesjonæren skal skriftleg dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av virksomhetens art, aktiviteter, risikoforhold og størrelse.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen ser positivt på at det kjem ei eiga regel om internkontroll for miljø og landskap. Sogn og Fjordane er eit kraftfylke med mange kraftverk og anlegg for overføring av straum. Verknadane på miljø og landskap er til dels betydelege. I åra framover vil det truleg bli bygt fleire større vindkraftanlegg i fylket. Eit enkelt og tydeleg reglement som stiller krav til bedriftene om dokumentasjon av dei verknadane anlegget har for miljø og landskap vil difor vere positivt.

Bestemminga vil stille krav til energiselskapa om å ha oversikt over dokumentasjon for anlegget knytt til tema miljø og landskap. Vi legg til grunn det NVE skriv i høyringsteksten om at økonomiske og administrative konsekvensar for verksemndene vil verte moderate. Vidare legg vi til grunn at krava til dokumentasjon i internkontrollen må vere tilpassa behovet og ikkje større enn naudsynt.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til at det gjennom endring i § 9-7 om overtredelsesgebyr også vert gitt høve til det ved brot på bestemmingane i ny § 3-7.

4. Konklusjon

Sogn og Fjordane er eit stort kraftfylke, med mange eksisterande, konsesjonsgjevne og også framtidige anlegg. Mange av anlegga har vesentlege verknader for miljø og landskap. Fylkesrådmannen ser positivt på at det vert innført krav om internkontroll, men understrekar at krava må vere tilpassa behovet.